



Dei unge musikantane frå Uskedalen og Rosendal ved avreisa frå Uskedalen fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen).

17 av dei 23 som no spelar i Uskedal skulemusikk reiste ved middagstider fredag til Karmøy-festivalen saman med skulemusikken i Rosendal. Det er første gong dei unge musikantane frå Uskedalen er med i denne festivalen. Den har eit særst godt rykte. Dei som deltek på den plar å læra mykje, ikkje minst som resultat av eit godt musikalsk og pedagogisk opplegg.

- Instruktørlista er imponerende og vi ventar oss svært mykje av denne festivalen, sa Thor Inge Døssland til uskedalen.no før avreisa frå Uskedalen. Han er ein av tre foreldrerepresentantar som følgjer korpset til Korpervik.

Karmøy Brass festival 2006 hadde 23 innmeldte korps, men to har trukke seg. Likevel er deltakinga imponerende – med innpå 500 musikantar. Fire kvinnherandskorps er å finna på lista. På instruktørlista står rundt 15 av dei mest dugande dirigentane i distriktet. Yngre Nikolaisen og Jan Magne Olsen er dei musikalske ansvarlege. Det blir øving i grupper, også med inndeling etter alder og korps og spelling i "massed band". Det er eit eige opplegg for slagverkarer.

Innimellom all lærdommen blir det også mykje sosialt samver og moro, som diskotek, Idol og bading i Karmøyhallen, Laurdag kveld er det festkonsert med Stangaland Brass og søndag ettermiddag blir den store sluttkonserten halde.

Av Ola Matti Mathisen